



Friluftsløip for ungdom

Velkomen til Nesholmen 2.-4. juni 2023!

*Jakt- og Fiskeglede
til alle - for alltid*

Overnatting – kven skal bu i kva telt/lavvo:

Sjekk deltakarlista. Ved påmelding har ein sett opp ulikt, så informer involverte deltakarar dersom de melder om endringar, eller om det ikkje var slik de sette opp, slik at ingen vert overraska når dei kjem på leiren. Vi lagar namneskilt til alle telt og lavvoar. Endringar sendast innan 28. mai til sognogfjordane@niff.no

Skytegruppa - skyteløyve:

Alle som skal vere med på skyting må hugse å ta med seg hørselvern og løyve frå føresette. Løyvet kan sendast på førehand til e-post eller som bilde på sms til 97076702. Sender du på epost eller sms må det sendast før 28. mai! Elles må du ta med deg lappe der det står at du kan skyte med hagle og rifle på friluftsløipen 3. juni 2023, signert føreset.

Kva stiller vi med?

Vaksne / instruktørar, lavvo for dei som ikkje har telt/lavvo sjølv. Utstyr til aktivitetane. Alle måltid. Sanitæranlegg på Nesholmen

Aktivitetane:

Alle aktivitetar og måltid utenom flugebitting er ute. Med unntak av morgonøkt og måltid, er ALT heilt friviljug. Bli med på det du vil 😊

Fiskestenger: – uansett om du lånar eller har med sjølv – skal dei IKKJE ligge på bakken, men setjast opp etter telt/tre/ stangholdar.

Facebook, bileter og video

Vi vil vere merksame på kva vi legg ut, men ikkje alle vil vi skal legge ut bilete av dei. For at vi skal klare å slette bileter vi ikkje skal ha med, er det fint om de som har svart «nei», sender oss bilete av deltakaren før leiren

startar, slik at vi klarer å slette bileter som ikkje skal leggest ut.

Laksefiskegruppa:

Du får låne utstyr, men du kan ta med eige fiskeutstyr om du vil. Vi anbefalar ikkje å ta med dyrt utstyr. Laksefiskegruppa har ei aldersgrense på 14 år, dei som ikkje oppfyller kravet, kan dessverre ikkje delta. Gje i så fall beskjed om du vil på skyte- eller fiskegruppa.

Korleis kjem du deg til Nesholmen?

Nesholmen ligg midt mellom Hyen sentrum (Gloppen) og Storebru (Flora). Bussruter er det dårleg med, beste løysing er å kome i privatbilar. Sjå deltakarlista for samkøyring.

Avbud – refusjon av deltakaravgift

Avbud etter 26. mai gir ingen refusjon av deltakaravgift, med unntak av sjukdom eller liknande.

Arrangørar:

Hyen JFL, Gloppen JFL, Førde JFL, Flora JFF og Norges Jeger- og Fiskerforbund Sogn og Fj.

Ta med fisk heim:

Spør på kjøkkenet om å få sette fisken på kjøll eller frys. Elles kan du ete den til på leiren.

Kiosk:

Kiosken har egne opningstider, sjå program. Kontanter og bankkort kan brukast.

Kontaktinfo:

Norges Jeger- og Fiskerforbund Sogn og Fjordane, 97076702, sognogfjordane@niff.no
www.njff.no/sognogfjordane
Facebook: NJFF Sogn og Fjordane
Reidun Solberg Seim, 970 76 702
Jan Erik Søreide, 48 16 17 25

Kjekt å ha med:

NB! Merk kle, sko og utstyr med namn!

Program og leirreglar	Lommelykt
God sovepose, gjerne teppe inni	Kniv
Liggeunderlag	Saftflaske
Evt. Telt / lavvo	Myggspray o.l. Mygghatt / myggnett
Presenning / plast til teltet om regn	Solkrem
Støvlar / fjellsko (ha med ekstra-par)	Kiosk-pengar /bankkort
Regnty	Skyteløyve (for skytegruppa)
Fleire par ullsokkar, tynne og tjukke	Hørselvern (for skytegruppa)
Undertøy og ullundertøy (natta kan vere kald!)	Eventuell medisin!
Shorts, t-skjorte	Tannkost, tannkrem, handkle, såpe..
Genserar	Badekle og handkle
Turbukser	Fiskeutstyr om du vil ha med
Vindjakke	Hue og hanskar til natta kan vere fint å ha

NB! Det er fort å fryse om natta, tenk på det når du pakkar. 1-2 lag av ullplagg er bra. Ha med GOD sovepose og GODT liggeunderlag!

LEIRREGLAR:

- Rusmiddel på leiren er forbode
- Burn og andre energidrikk er heller ikkje lov.
- Bruk av open eld i telt og ved teltområde er forbode (eigne bål plassar)
- Ikkje rør brannsløkkingsutstyr som er på leiren
- Båt- og kanoreglar:
 - ◊ Flyte-/redningsvestar er påbudt når ein er i kano og båt uansett kor kort turen er!
 - ◊ Ein skal alltid vere minimum 2 i kano og 3-4 personar i båt ◊ Ikkje lov å stå i båt/kano
 - ◊ Ein kan ikkje dra lenger med båt/kano frå Nesholmen enn 200 m. med mindre vaksen er med. ◊ Alle må vere på land seinast kl 23.00
 - ◊ Alle må vere på land under middag laurdag
 - ◊ Båtane /kano skal dragast skikkeleg på land ◊ Etter bruk heng vesten på plass i kjellaren
- Alle må vere i telta seinast kl 24.00 fredag og 01.00 laurdag. Ro i leiren
- Når ein lånar utstyr frå hengaren, skal det setjast på plass etter bruk. Sei ifrå om noko er øydelagt.
- Ver på plass til rett tid ved måltid og morgonsamlingar.
- Søndag etter frukost må alle rydde i og ved teltet sitt, samt gjere det ein vert bedt om.
- Ver høfleg og grei mot dei andre på leiren

Program friluftsløir

ALLE AKTIVITETAR ER VALFRIE, MED UNNTAK AV MÅLTID OG MORGONSAMLING

Fredag:

Kl 18.30-19.00	Oppmøte, etablering av leir
kl 19.00	Fiskekonkurransen startar, NB! Ikkje lov å gå i båt / kano før kl 20.30.
Kl 19.30	Fellessamling
Kl 20.00	Middag
	Fiske, kanopadling, fotball, bålkos
	Dei som skal på laksefiske trenar på flugekasting
Kl 23.00	Alle kanoar og båtar må vere på land
Kl 23.00	Nattmat
Kl 24.00	Ro i leiren, alle skal vere i telta

Laurdag:

Kl 08.00	Frukost. Alle lagar niste til lunsj
Kl 09.00	Morgonsamling.
Kl 10.00 – ca. 15.00	Delast i tre grupper:
Gruppe 1:	Skytegruppa reiser til Aa-bakkane
Gruppe 2:	Fiske, flugebitting, kano og mat på bål på Nesholmen.
Gruppe 3:	Reiser til Ommedalselva for laksefiske.
Kl 13.00	Servering av saft til lunsj.
Kl 17.00	Fiske, bading, kanopadling, båt, fotball mm
Kl 18.00	Middag. Alle kanoar og båtar på land kl 18.00 - kl 19.00!
Kl 19.00	Kanokonkurransen
Kl 19.00	Aktivitetar fortset
Kl 21.00	Fotballkamp: vaksne mot deltakarar
Kl 22.30	Kahoot
Kl 23.00	Nattmat. Alle kanoar og båtar må vere på land.
Kl 24.00	Ro i leiren, alle skal vere i telta

Søndag:

Kl 08.30-09.30	Frukost
Kl 09.30	Morgonsamling
Kl 09.45	Rydding og riving av leiren
Kl 10.30 -	Aktivitetsti
	Flåing av småvilt, pelsing, feller og fangst.
	Fiske, padling etc.
Kl 12.00	Avslutning av fiskekonkurransen
	Premieutdeling fiskekonkurransen, kanokonkurransen og kahoot
Kl 12.30	Lunsj
Kl 14.00	Heimreise

Opningstider KIOSK:

Fredag	kl 20.30 – 22.00
Laurdag	kl 09.15 – 10.15 kl 19.00 – 21.00
Søndag	kl 11.00 – 12.00

Alle aktivitetar er valfrie! Du vel sjølv det du ynskjer å gjere.
Med forbehold om endringar i programmet!